



Huga på gard

Sluttrapport . 2019

Innleiing

To kommunar øvst i Valdres, Vang kommune og Vestre Slidre kommune såg eit behov for å få fleire innbyggjarar og dei såg sine tomme gardar som ubrukta ressursar. Det vart eit prosjekt med namnet **Huga på gard** - med eit mål om å få:

**«Fleire folk hit litt um senn,
på tomme bruk i kvar ei grensd»**

Viktige moment for gjennomføring og vidareføring i prosjektet har vore å følgje opp tilflyttarar i høve arbeidsplassar og byggjeprosessar. Vi har sett det som viktig at dei blir fylgde opp med å bli kjent i bygda og at vi gjennomførar tiltak for å skape tilhøyrlegheit for tilflyttarar. At kommunane legg til rette for at ynskjer om ombygging/påbygging/nybygging blir behandla på ein rask og god måte. At vi har fokus på å utvikle lovverket sine moglegheiter for å ha ei jord- og konsesjonslovsplikt i kommunane som legger stor vekt på buseetting - slik at det blir ein enklare omsetting av tomme gardar. Vi har også hatt fokus på at arbeidet vidareførast med eit politisk vedtatt program ved prosjektslutt.

Dette har vore eit treårig prosjekt frå 2017- 2020. Prosjektet er blitt finansiert med midlar frå fylkesmannen (vedlegg 1), frå både kommunane og frå Innovasjonen som har eigmendt prosjektet (vedlegg 6). Prosjektet har hatt ei Styringsgruppe som har vore med frå første stund. Denne rapporten tek for seg korleis prosessen har vore, godt krydra med noko av det som har vore i media.

Det første året gjekk med til kartlegging. Det andre året gjekk med til kontakt med gardeigarar. Innimellom alt og dette siste året har det vore kontakt med dei som ynskjer ein endring på garden sin, med interessentar, med nye gardeigarar, med å fortelja andre om prosjektet, med mentorverksemd og med møter.

Eit prosjekt som dette blir etterspurt resultat. Det er vanskeleg å måle kva som er eit bra resultat. Korleis målar ein lykkekjensla hos ein nybakt gardeigar? Eller lettinga hos ein som har seld eit tomt bruk? Korleis målar ein inspirasjonen hos noverande og framtidige gardbrukarar når vi ser at det er attraktivt å eige og drive gard? I tal kan vi seie at det i løpet av desse tre åra har vore ein endring

på meir enn dobbelt så mange tomme gardar som det har vore i desse to kommunane dei siste 10 åra før prosjektet kom.

Vår definisjon på tomme bruk er at eigar ikkje har adresse der, og at garden er over 25 mål totalt. I følgje Statistisk sentralbyrå (SSB), hadde våre to kommunar 90 tomme perlar ved prosjektstart. Vi har hatt fokus på fleire. Vi har arbeidet med 124 tomme perlar. Av desse er det no ein endring på 35. Det kan ta noko tid frå ein gard er busett eller seld, til det blir registrert i SSB. Mange gardar er til sals no, og fleire har plan om sal i nær framtid. Difor vil det reelle talet på kor mange gardar som har fått ein endring gjennom prosjektet først kunne teljast om eit år eller to. Tal frå SSB visar at våre to kommunar er dei einaste i Valdres som har fått fleire innbyggjarar dei to første åra i prosjektpérioden. Endring i talet på tomme bruk hjå SSB er ikkje så stor no, men oversikten om dette blir først oppdatert hos dei i juni neste år.

Uansett tal- er det brei semje hjå alle dei involverte, og andre, at dette er eit prosjekt som bør vidareførast. Korleis det vil skje vil bli endeleg avklart når dette prosjektet er avslutta. Uansett korleis det blir hos oss, vonar vi at det kan vere inspirerande for andre å gjere noko liknande!

Vestre Slidre/ Vang 25. november 2019

**Anne Live G. Garvik
Prosjektleiar Huga på gard**



Prosjektleiar Anne Live Garvik fotografert av journalist Linn Helene Larsen i Avisa Valdres i samband med ein av mange saker om Huga på gard i lokalavisa.

Innhald

Innleiing	2
God blest i starten	4
Tre suksesskriterium	6
Fasar i kartlegginga	7
Kontakten med gardeigarar	9
Kvifor står gardar tomme?	10
Prosessen mot ei endring	11
Mange vil høyre om Huga på gard	13
Mange er huga på gard	14
Mentorordninga	15
Korleis måle resultat?	18
Møte med nye gardbrukarar	20
Kva no?	29
Vedlegg	30



God blest i starten

Tidleg i prosjektet fekk vi brei omtale i lokalavisa vår, avisa «Valdres». Den har eit opplag på om lag 8400, i tillegg er det mange som les ho på nett. Slik vart «heile» Valdres kjend med prosjektet, problemstillinga med tomme bruk, prosjektleiar, styringsgruppa og Innovangsjon.

Artiklane her og på neste side er henta frå avisa «Valdres» 14. februar 2017. Det var heilt i starten av prosjektet, og vi fekk plass på fyrste sida, på leiarplass og ei side inni. Det gav oss ein god start!

– Mange grunnar til at gardsbruk står «tome»

VANG: – Vi har definert fire hovudgrunnar til at gardsbruk står utan fast busetjing, fortel prosjektleiar Anne Liv Garvik og medlem av styringsgruppa Hallgrím Rogn.

Garden blir bruk som fritidsbustad og jordvegen blir eventuelt leigd ut. Men det er nok også tilfelle der folk som driv garden sjølv og brukar jorda i drifta av denne, men at tunet med husa

då eventuelt kunne seljast eller leia ut. Mange vel også ikkje å selja garden for då mistar dei tilknytinga til stolen som dei gjerne nytta som fritidsbustad. Det er også mange tilfelle der dagens eigrar ventar på at neste generasjon skal taka over. Dersom tun og til domes stolar skal skiljast frå garden krev det politisk semje, og er gjerne kontroversielt.

Prosjektgruppa er sett saman slik: Torbjørn Remmen, Vang

bondelag, Yvonne Tonnaer, V. Slidre bonde og småbrukarlag, Kjell Anders Haugen, Vang bonde og småbrukarlag, Ola Bakke, V. Slidre bondelag, Cathinka Vik, V. Slidre kommune, Arne Straum, Vang kommune, Vidar Eltun, ordforar Vang, Eivind Brenna, ordforar V. Slidre, Dag Inge Brufot, næringsutviklar Innovangsjon og Hallgrím Rogn, dagleg leiar Innovangsjon.

LEDER

Sjefredaktør og dagleg leiar
IVAR BRYNILDSSEN

Handlar om å utløyse nye ressursar

Vestre Slidre og Vang har gått saman om eit prosjekt som skal sikre «lys i glaso» på fleire hus og gardar i dei to kommunane. Prosjektet «Huga på gard?» skal dei neste tre åra bidra til å skape nytt liv på dei inntil 90 bruka ein reknar med står tomme, eller der eigaren ikkje bur sjølv. Prosjektet i Vang og Vestre Slidre har fått bygdeutviklingsmidlar i tillegg til at kommunane sjølv står for fullfinansieringa. Samstundes med oppstarten av gardsprosjektet i Vang og V. Slidre er også etnedølane på hogget og vil gjera noko aktivt for å koma det aukande problemet til livs.

I Etnedal reknar ein med at det står omkring 80 tomme gardar og búplassar. Og totalt i Valdres er det gjerne tale om nokre hundre. Det fortel ein heil del om potensialet, om ein lukkast med berre 10 prosent av desse er ringverknadene for

communane store. Det er flott at det er vorte engasjement omkring denne problemstillinga. Enda betre er det at det no endar i meir aktiv jobbing. Bakom mange av dei «tomme» husa og «ledige» búplassane er det ei historie. Mange har kanskje venta på at familiemedlemmer skal ta over, så skjer det ikkje. I mense har tidas tann tæra på bygningsmassen og mange stader er eigedomane prega av attgroing og verdiane reduserte. Nokon sit også bevisst på eigedomen fordi dei nytta stolane eller husværa på garden som fritidsbustad. I mange tilfelle blir jordveg som er lettdriven, leigd ut til andre. Det er også tilfelle der familieforhold har sett ei stoppar for sal eller overføring av eigedom.

Det er neppe eit forhold som er likt eit anna. Det krev ein porsjon klokskap å nærmee seg dei einskilde sakene. Men ved hjelp av nøytrale augo utanfrå, kan det vera mogleg å gå inn i dei einskilde tilfellene og foreslå løysingar der resultatet kan bli at eigedomane kjem ut på marknaden. At det er interesse der ute for å kjope småbruk og búplassar av forskjellig storleik, er det utvilsamt. Vi har også stadig mange gode døme på at draum om småbruk har vorte til verkelegheit. I dag er det nok mest tilgangen på objekt som er den berensande faktoren. Ein del av handlingsbiletet trur vi også må vera å lyfte ein del av problemstillingane ein kjem borti opp på det politiske planet. Det overordna målet er trass alt å skape meir liv og folk i bygda, då må ein også vera sterkt handlingsorientert.

Prosjektleiar for «tomme» bruk

Det er rekna med omkring 90 «tomme» bruk i Vang og Vestre Slidre

Anne Live Garvik (41) i Lomen er den nye prosjektlearen for gardsprosjektet som Vang og Vestre Slidre samarbeider om.

TORBJØRN MOEN
torbjorn@avis-vals.no

FAGERNES: – Med ein gong eg såg denne stillingsannonsen såg eg meg sjølv i rolla. Det liksom klapa, dette hadde eg veldig lyst til å drive med, fortel Anne Live Garvik (41). Garvik er den nye prosjektlearen for gardsprosjektet som Vang og Vestre Slidre dei neste tre åra skal jobbe saman om.

Allsidig bakgrunn

Ho har beskjedne 25 prosents stilling, men meiner at ho skal få utretta mykje for det. Kontorstaden blir i kontorfellesskapen 1724 i Vangstunet, men like mykje vil ho kanskje vera på farten.

Anne Live kjem opprinnelag frå gard i Halden og er gift til Garvik på vestsida i Lomen, som også er eitt av dei store mjøkebruka i kommunen. Ho har tre barn.

– Etter 17 år som sjukleiar innan Heimesjukleia i Vestre Slidre, valde eg å bli heime på garden, fortel Anne Live, som ikkje legg skjul på at ho brenn for prosjektet som skal bidra til å få lys i glaso på flest mogleg bruk og bu-plassar i dei til kommunane. Den nye prosjektlearen har også tre periodar bak seg i kommunestyrte Vestre Slidre for Bygdedista.

Mott stor velvilje

Idein til prosjektet kom frå Yvonne Tonner i Vestre Slidre Bonde- og småbrukarlag. Undervegg fann ein fort ut at det ville lone seg å samarbeide med nabokommunen. Idenne og prosjektoftalet møtte fort politisk velvilje. Slik byrja det å rulle, og straks det kom på plass BU-midlar og kommunane spedde på med pengar, var det klart for å tilsette prosjektleiar. Og no er ein i gang, sist veke var prosjektgruppa samla for å vise retning for prosjektet.

«Huga på gard»

– Målet er «Å få fleire folk hit litt umen på tomme bruk i kvar ei gren». Det let nesten poetisk. Og namnet på prosjektet er på ekte



Leiar prosjekt: Anne Live Garvik frå Lomen er tilsett som prosjektleiar for det nye gardsprosjektet som Vang og Vestre Slidre har gått saman om. – dette er meg, sa ho då ho såg stillingsannonsen. Ho vart valt blant åtte gode kandidatar.

valdresmål» Huga på gard» eller lettare omset; Lyst på gard?

For nokre år sidan var det ei kartlegging av såkalla tomme bruk i Valdres i regi av VNK. Vang har seinare også hatt ei eiga bustadkartlegging, men som spesielt ikkje går berre på gardsbruk.

– Tal vi har synet at det er omkring 20 «tomme bruk» i Vang og omkring 70 i Vestre Slidre. Det er nokså gjengs med omkring 13 prosent tomme bruk i Bygde-Norge. Vi er opptekne av å ha eit lokalt perspektiv, understrekar Hallgrim Rogn i Innovangsjon som også sit i styringsgruppa. Dei har også erfaring å hente frå mange andre kommunar som har gjort noko liknande for dei. Prosjektet legg til grunn denne definisjonen på «tomme bruk» at

eigar ikkje bur der.

– Ingen skal frykte oss, vi er opptekne av at det skal vera ein god prosess. Oppgåva mi blir mellom anna å hjelpe til med å finne løysingar, og sjølvsagt skal vi ikkje blande oss inn i salsprosessen om det endar med det, understrekar Anne Live Garvik. Ho har starta med å skaffe seg gardsboka. – Ein skal tro varsamt og det er alltid greiti iha kunnskap for ein tek kontakt, seier ho med eit smil. Noko av det fyrste dei vil gjera er sá sende eit brev til folk som sit med bruk av alle storleikar der eigaen ikkje bur der sjølv.

– Vi går spanande tider i mote, berre siste tida har vi fått 14 interessenter som har meldt seg til å kjope småbruk, seier Hallgrim Rogn.



Prosjektgruppe: Anne Live Garvik vil ha kontorstad i kontorfellesskapen 1724 i Vang. Ei styringsgruppa med folk frå flaglag i både kommunane, Innovangsjon og båe ordførarane er overordna prosjektet. I det daglege er det learen av Innovangsjon Hallgrim Rogn.

Tre suksesskriterium

Når mange meiner Huga på gard har gitt gode resultat, og at det bør vidareførast, tenkjer vi at det mellom anna skyldast tre suksesskriterium som har vore tilstade heilt frå starten:

- Prosjektet har hatt ei Styringssgruppe
- Huga på gard har vore eigd og dreve av eit privat selskap
- Vi har heile tida vore godt dekka av media

Styringsgruppa har vore verdifull med at prosjektet frå fyrste stund har vore så sterkt forankra med dei som har vore der. Vi har hatt sju møter kor mellom anna vegen vidare har blitt vurdert. I starten av prosjektet fekk alle innbyggjarane i Vang og Vestre Slidre eit info-skriv i postkassa (sjå vedlegg 2). Det var signert av både ordførarane og prosjektleiar. Slik fekk alle hos oss god informasjon om prosjektet.

Det har vore bra å vere eigd og dreve av eit privat selskap. Slik har dei prosjektansvarlege kunna stå «utanfor» kommunane, og kunne sjå på dei med briller sett utanfrå. Innovasjon har i tillegg god takhøgd og lave dørstokkar, dei er gode på å vere «på», og å skape blest. Med ein journalist som prosjektleiar sin nærmeste overordna har det vore eit pluss med å mellom anna bruke media.

Media har vore med oss heile vegen. Spesielt vil vi trekke fram lokalavisa vår, som også har eit eige magasin. Dei har vist stor interesse for prosjektet vårt frå fyrste stund, og gav oss god blest i starten. Fleire gardeigarar tok kontakt med oss veldig fort etter det. Tre gardar kom på sal i løpet av dei fyrste månadene mykje grunna denne breia omtala. Slik fekk vi ein god start, med resultata som kunne målast innan kort tid.

Når vi til tider opplev at salet av tomme bruk nærast eksploderer, og at vi nesten druknar i mailar frå folk som er huga på gard hos oss, tenkjer vi at det mellom anna skyldast fleire media som har dekka prosjektet så jamnt og breitt.



Fasar i kartlegginga

Vi opplevde ei overveldande interesse og hjelp blant dei vi har kalla «kjentfolk». Frå alle kantar fekk vi fort tilbod om å få info. Prosjektleiar var i løpet av det første halve året i mange korte og lange møter med folk som hadde oversikt over kva for bruk dei meinte at stod tomme. Vi opplevde at våre kjentfolk hadde god oversikt over grenda dei bur i, og nabogrender. Men ingen hadde full oversikt over heile sin kommune. Vi såg fort kva for gender vi hadde lite informasjon om. Då kontakta vi folk som budde i den grenda, for å få enda fleire namn på gardar dei meinte stod tomme. Totalt var vi i kontakt med om lag 15 kjentfolk.

For å ha eit konkret arbeidsområde har vi fokusert på gardar som har over 25 mål totalt, og kor eigar ikkje har adresse. Vi har fokusert på alle desse gardane som har eige gards- og bruksnummer. Slik har vi også hatt fokus på gardar som gjennom tidene er blitt tilleggsjord for andre gardar. Dette kan vere noko av orsaka til at vi fekk eit høgare tal med tomme bruk enn kva SSB opererer med. Vår tanke er at sjølv gardar som har vore eller er i drift med eigar som driv fleire gardar, kan ha eit potensiale for å oppnå vår målsetting. På nokon av desse gardane står tuna tomme. Då kan kanskje bustadhusa på desse gardane leigast ut. Nokon gardar blir ikkje lenger drevet av eigaren. Kanskje gardar som ein gong ble slått saman, kan skiljast igjen? Kanskje tuna kan bli skilt ut frå garden? Vi har og vore i kontakt med nokre eigarar av gardar utan bustadhus, då vi ser at desse og kan ha eit potensiale for endring.

Gjennom samtalene med kjentfolk fekk vi mange namn på gardar. Like viktig var det å høyra deira historie om korleis dei opplevde at det var på den enkelte garden før den vart fråflytta. Å høyra deira tankar om kvifor garden er tom no og kva dei tenkjer eigaren vil seia i møte med oss.

Med lange lister med namn på gardar var det ein jobb å sile ut kven vi ville fokusere på å arbeide med. Vi hadde konsekvent ein grense på at dei måtte ha over 25 mål. Nokon tun ser tomme ut, men eigar har sett opp nytt bustadhus på/ ved eigendommen. Uavhengig av om denne bustaden har utskilt tomt eller ikkje, har vi latt

desse gardane vere, då vi tenkjer at eigarane er på garden sin, sjølv om det ikkje ser slik ut når ein ser husa på tunet.

Vi har hatt tilgang på matrikkelen. I den kan ein sjå kven som står som eigar av garden, kor lenge den har vore eid av eigar og adresse til eigar.

Ved å bruke ulike kart får ein god oversikt over garden både med vegnett, plassering, høgdekurver, nærliek til vatn og kva for hus det er på garden, både heime og på stølen.

I våre kommunar har vi god oversikt over gardane i bygdebøker og gardsbøker. Desse gjev mykje info om kor lenge garden har vore i slekta, slektskap mellom neverande og tidlegare eigarar. Born, barneborn, sysken, syskenborn, nevøar og nieser og andre i heile slekta. Slik kan ein sjå korleis ståa er på kvar einskild gard med kven som er odelsberettiga eller arvingar. I bøkene kan ein også sjå kor mange hus det var på garden då siste boka ble skrevet og kor gamle mange av husa er. Slik får ein inntrykk av standard på husa og potensiale for desse med praktisk, økonomisk og/ eller affeksjonsverdi.

Det viktigaste av alt har vore å sjå alle gardane. Gå til dei uansett kor langt det er, få eit inntrykk av kva for hus det er på kvar enkelt gard. Men djup respekt for andres grunn har vi ikkje gått nære husa. Men vi har vore såpass nær tuna til å sjå at det er ein perle. Ein perle for dei som har elskar den, kanskje ein perle for den som eig garden no, og ein potensiell perle for nokon som er huga på gard. Vi har kalla alle dei tomme gardane våre for perlar. Alle har dei noko unikt som er nydeleg kvar på sin måte. Alle gardar har sine ressursar. Sjølv dei mest falleferdige bruk har ein gamal hage med sitt potensiale, ein koseleg bekk, ein unik utsikt, ein krok med god ro eller hus med unike detaljar. Det har vore gjevande å sjå alle desse perlene. Desse vitnar om levd liv med både glede, og kanskje mykje slit og nokon sorger.

Perlene våre har vore «tomme» i mellom 1 – 47 år, med eit gjennomsnitt på 24 år. Gjennomsnittsalder til eigar er 60 år. To tredjedelar av dei er eigmaktig. Halvparten av eigarane har bustad utanfor Valdres, men maks 45

mil unna. Med den andre halvparten, har to tredjedelar bustad i same kommune som den tomme garden. Med to unntak er garden noko som har vore i familien før eigaren overtok garden. Gardane våre har frå 25 til om lag 2000 mål totalt. Frå 0- 90 mål med dyrka mark, med eit gjennomsnitt på 35 mål.

All info gjorde at vi etter kvart fekk ein del kjennskap til dei tomme perlene våre. Med mange var det lett å finne kontaktinformasjon på eigar. På gardar kor det er ein eigar er det lett å vite kven ein skal kontakte. Med fleire eigarar har det vore fleire å forhalde seg til.

Fleire gardar er eigd av folk som har gått bort. På gardar uten odel kan det vere mange som er rettmessige arvingar. Med dei tok vi ein ny runde med kjentfolk. Kven skal vi kontakte som eigentleg har noko med denne garden å gjera? Det var ikkje alle som hadde svar på det. Løysinga på fleire gardar fekk vi med å finne ut kven som brukar jorda på den tomme garden. Om ikkje den som driv jorda visste kven som hadde noko med garden å gjera, visste han i alle fall kven som visste det! Slik fekk vi dei namna vi trengde for å vite kven vi kunne kontakte. Etter å ha fått ein god oversikt på kva for tomme gardar vi hadde, telte vi til 114 gardar. I løpet av prosjektet har 10 gardar blitt tomme. Dette då eigarane har gått bort. Slik har det blitt til at prosjektet har hatt fokus på 124 tomme gardar.



Kontakten med gardeigarar

Eigarane av ni tomme bruk tok kontakt med oss då prosjektet vart kjend, før vi tok kontakt med dei. Dette var i hovudsak folk som var veldig klare for å få ein endring på garden sin. Til dei fleste andre som ikkje er busett i våre kommunar og som ikkje allereie hadde fått det vi kallar «ordførarbrevet» med overskrift. «Til alle som bur i Vang og Vestre Slidre» (vedlegg 2), sendte vi det til dei. Då med overskrift «Til deg som eig ein tom gard i Vang eller Vestre Slidre», eller «Til deg som er arving til ein tom gard i Vang eller Vestre Slidre». Vi kontakta eigarar av om lag sju gardar om senn.

Noko tid etter brevet frå ordførarane sendte vi eit nytt brev med litt meir personleg kontakt (vedlegg 3). Der skreiv vi kva for gard vi ynskja å høyra deira plan om. Vi spurte meir konkret om dei kunne tenkje seg å selja der vi tenkjer det kan vere aktuelt. Men nokon spurte vi berre om utleige, og med nokon om både sal og utleige. Alle breva ble sendt i papirformat i A4 med eit biletet vi syntest var stemningsfullt på framsida. Takk til Gunvor Hegge for lån av biletet! Alle breva ble lagt i konvolutt med frimerke, og sendt i posten til den adressa til eigar som står i Matrikkelen. På alle konvoluttane skrev prosjektleiar sin eige private adresse bakpå som avsendar. I breva var det også kontaktinfo til prosjektleiar med både telefon, mail og adresse.

Tanken vidare var å ringje eigaren etter noko tid. Det gjorde vi med 70 eigarar av våre tomme bruk. Med dei fleste samtalene spurte vi først korleis dei hadde opplevd å få breva frå oss, med at det er ein privatsak om kva ein tenkjer for sin eigedom, og at dette er noko andre ikkje har noko med. Vi sa at det er frivillig om dei vil svare, og at eit eventuelt svar ville vera anonymt og berre kome fram som eit tal i ein kartlegging. I gjennomsnitt vara kvar samtale i om lag 20 minutt.

Dei aller fleste samtalane vart gode og konstruktive. Eigarane har reflekterte tankar om kvifor deira gard står tom. Dei fortalte meir enn gjerne om sin gard, og kva for ein plan dei hadde med den. Frå liknande prosjekt andre stader i landet var vi førebudd på at nokon kunne ta det ille opp at vi kontakta dei. Det opplevde vi berre i to tilfelle. To som tek det ille opp er to for mykje, samstundes som

det ikkje er uventa då vi bryr oss med noko som absolutt er ei privatsak.

Til nokon har vi ikkje ringt, då dei sjølv har tatt kontakt med oss etter at dei hadde fått dei to breva. Ein forklarte ståa på sin gard på eit koseleg julekort. Tre ringte prosjekteigar og fire sendte mail.

Vi i Innovasjon har eit breitt kontaktnett. 27 av eigarane har ikkje fått brev frå oss. Vi vurderte det som at det med nokon ikkje var nødvendig å kontakte dei på ein såpass formell måte. Nokon prata vi med når vi tilfeldigvis møtte dei i meir uformelle samanhengar, men kor det var rom for å ha ein fortruleg prat.

Vi hadde ei ringjerunde til fleire vi tenkte at kanskje hadde eit hus å leige ut. Slik fekk vi ein prat, kartlagt kva som er ståa med den garden, og kva for planar eigaren har med sitt bruk. Når vi spurte om utleige var det mange bustadhus som allereie var leigd ut, eller dei stod tomme i påvente av at ein av borna til eigar hadde plan om å busette seg der innan kort tid. Med nokon gardar har vi av ulike orsaka ikkje snakka med eigaren, men heller med nokon som kjenner eigaren godt. Med 10 gardar har det skjedd ein endring utan at vi har hatt kontakt. Dette tenkjer vi blesten kring prosjektet har noko av skulda for, men også at nokre av desse gardane er blant dei som ville fått ein endring uavhengig av prosjektet.

Ikkje alle er like lett å få tak i på telefon. Nokre har vi ringt til mange gonger over lang tid. Med nokon har vi ringt til nokon andre for å høyre korleis ein skal få tak i eigaren. Med andre har vi kommunisert med sms eller via Messenger.

Tok kontakt med oss etter prosjektstart:	9
Eigar har fått 2 brev, og vi har ringt:	70
Eigar har fått to brev, eier tatt kontakt:	8
Vi har tatt kontakt på uformell måte:	27
Endring utan at vi har vore involvert:	10

Kvifor står gardar tomme?

Gardar står tomme fordi ingen flytta inn då nokon flytta ut. Eit anna moment er at krav om buplikt på landbrukseigedom kom med innføring av lov om omsetjing av fast eigedom, konsesjonslova, i 1974. Slik har det blitt til at gardar som fekk nye eigarar før den tid ikkje har hatt krav om å busette seg på garden. I løpet av desse tre åra med Huga på gard har det skjedd ein endring på 35 tomme gardar. På nokre har eigar busett seg, fleire har fått ny eigar ved sal og nokon er til sals no.

Av eigarar som vi har vore i kontakt med, er det berre to som seiar at dei ikkje er modne for å tenkje på kva dei ynskjer for sin gard.

Mange brukar garden som ein fritidseigedom som er særstakt viktig for dei å ha. Av dei som har ungar er det fleire som trur at dei ikkje vil ta over. Eigarane seiar dei vil selja når dei tenkjer at dei ikkje får vere der meir. Dei som ikkje har naturlege arvingar har eit tidsperspektiv på når dei tenkjer at tida er inne for å selje sin fritidseigedom.

Nokre eigarar vil vente med å gjere noko med garden til eigne barn, barnebarn eller andre unge slektingar blir eldre. Dei hadde konkrete namn på kven av sine born eller andre dei tenkjer at kanskje vil ta over. Fleire var tydelege på at garden «kan ikkje stå tom i ein generasjon til». Slik vart det eit konkret uttrykk for at eigarane vil la dei unge få eit tilbod, men om dei ikkje vil/ kan vil eigaren at garden seljest. Dei fleste av borna eller andre unge slektingar som ble nemnt er i ein aldersgruppe kor det er for tidleg å vente at dei no kan vite kor dei vil etablere seg (13- 24 år).

Med to unntak har alle våre tomme gardar stolar. Her er det sterke kjensler. «Eg vil ikkje selja garden fordi eg vil ikkje miste stolen». Kjenslene for stolen kan ikkje rokkast ved. Med dei er det også viktig for eigaren at familiemedlemmar i all framtid skal kunne ha glede av stolen. Men dei fleste er tydelege på at dei gjerne vil selje garden. Dei har ikkje kapasitet til å ta vare på den. To gardar har no blitt seld, eller er til sals med at eigar har fått behalde stolen.

I åtte tilfelle vil perleeigaren gjerne selje garden, men vil vente av respekt for eldre slektingar. Dei vil selje når «mor døyr».

Det er mange gardar som kan få ein endring om ikkje så lang tid. I tillegg til «plan om sal» er det fleire av dei som er «uavklarte» og dei som «ynskjer å selje viss dei får behalde stolen» som er i ein fase kor det går mot sal. 35 av våre 124 tomme perler har no fått ein endring. Kvifor det førebels ikkje er ein endring på resten, kan i tal oppsummast slik:

Fritidseigedom:	15
Håp om at nokon i familien vil busette seg der:	18
Ynskjer å selja viss dei får behalde stolen:	10
Plan om sal:	18
Uavklart:	21
Garden er tilleggsjord:	7



Ragnhild og Lennart var Hugo på gard ved prosjektstart, no lukkelege gardeigarar av eit bruk som kom på sal då eigar fekk behalde stolen sin.

(Bilete frå reportasje i NRK Oppland jan. 2017)

Prosessen mot ei endring

Det er mange som har tatt kontakt med oss då dei ynskjer å få ein endring på garden sin. Og nokon kjem fram til at dei vil ha ein endring når vi tar kontakt. Som hovudregel rådar vi alle til å bruke egedomsmeklar. Mest fordi dei då kanskje kan få mest mogleg for garden. Men nokon ynskjer å ikkje ha så mykje «styr» med å selja garden, og det er ikkje så viktig for dei at garden blir seld mykje over takst. Då bidreg vi inn i ein salsprosess. Vi råder alle til å innhente takst, men vi kan så ta bilete og lage ein presentasjon av garden på våre nettsider som vi så delar med dei på interesselista vår, og på ulike nettsider. I fleire tilfella har vi opplevd at gardar har blitt seld fort på denne måten. Eigarane får møte dei som er huga på denne garden personleg, og kan få ein kjensle på om dei synast dei dei møta er dei rette til å vidareføre livet på garden. I nokon døme har vi sett at det ikkje er dei som har kome med det høgaste bodet som har fått kjøpt garden. Nokon har også fått kjøpe ein gard under takst, då eigar har følt at dei er dei rette. Slik blir det ein god prosess for eigar. I sluttfasen av eit sal er vi veldig tydelege på at partane lyt bruker advokat.

Med fokus på utleige av bustader på tomme bruk eller utleige av ekstra bustadhus på gardar har vi erfart at dei med få unntak allereie er leigd ut. Fleire hus som ikkje er leigd ut er i ein slik forfatning at kostnadene ved å sette dei i stand er såpass høg at det vil vere vanskeleg for eigar å tene det inn att på utleige. Nokon av husa har vore leigd ut tidlegare, men vi ser at med kontakten med oss har nokon blitt motivert til å fortsatt leige ut. Vi har også vore involvert i sal av nokre gardar med busetting. Totalt har vi vore involvert i endring på 55 gardar.

Sal av gardar har også ulemper. Nokon kan ha leid bustadhuset over lang tid. Dei lyt finne ein anna stad å bu når garden får nye eigarar som vil bu der. Jorda på garden kan vere leigd bort. Med nye eigarar som ynskjer å drive jorda, kan legetakar miste verdifull jord for sin drift. Det er viktige moment å ha fokus på. Alle medaljar har ein bakside.

LEDER

Skremmende utvikling

Gårdbruks i Vestre Slidre og Vang er inne i et generasjonsskifte. Mange har ingen til å overta. Altfor mange bruk blir stående tomme. Det synes Anne Live Garvik, leder for de to kommunenes felles prosjekt «Huga på gard», er skremmende.

Det synes avisa Valdres også. Det er skremmende. Og ødeleggende for Valdres som samfunn. Over hundre gårdsbruk står tomme i de to kommunene. Det er ingen grunn til å tro at situasjonen er veldig mye mindre kritisk i resten av Valdres. Mens «småbruk» stadig er det mest populære søkeordet på Finn, og mange av oss går med en drøm om mer plass, frihet og nærbetning til naturen, liggjer brukene brakk, utilgjengelige for folk som kunne ha flyttet hit og bidratt til flere unger på skolene, flere yrkesaktive, flere skatteinntakere, mer liv og nøre og større framtidsoptimisme.

Garvik forteller at det nyttar å gjøre noe. Hittil er tolv gardar blitt solgt. Åtte er leid ut. Totalt er 40 personer bosatt. Og ytterligere 15 eiere har planer om å legge gården ut for salg. De siste månedene har vi sett den ene perlen etter den andre til salgs. Og meglere melder om til dels enorm interesse. Det er ikke uvanlig at det følger med både stol og jakttrett.

Vikjenner nok alle noen som bor «neafor» som kunne tenke seg å selge dyrt der de bor, betale ned lånet og kjøpe billig i Valdres. Selv når lånet er historie har mange rád til en solid oppussing. Og eksemplene begynner å bli mange på folk som tar med seg pc-en og jobber like bra fra en dalside i Valdres, og heller kjører opp og ned av og til.

Garvik forteller at det også er veldig mange unge i etableringsfasen som ønsker seg et småbruk. Og at hun har mentorar som står klare til å hjelpe dem som kjøper med praktiske rád og bistand.

Avisa Valdres vil påstå at den jobben som her gjøres er noe av det aller viktigste og mest fornuftige kommunene i dalføret kan engasjere seg i. Det handler i stor grad om å skape trygghet for begge parter. De som sitter som eiere av et gårdsbruk vil gjerne ikke selge familiens historie uten å ha tenkt seg om en rekke ganger, og slett ikke til «hvem som helst». Det handler om røtter og identitet gjennom generasjoner. Det er lett å forstå at et salg er mye mer attraktivt om du møter «den rette». Noen som forstår, som føler stedets sjel og historiens sus. De folkene finnes. Og Anne Live Garvik kjenner dem åpenbart igjen. Vi trenger flere som henne!

Mange er huga på gard

I løpet av Huga på gard-prosjektet, som er inne i sitt tredje år, har 22 tomme garder har fått lys i vindauge.

LINN-HELENE LARSEN
linn-helene.larsen@avisen-valdres.no

VANG/VESTRE SLIDRE: Prosjektleiar i Vang og Vestre Slidre kommunars felles busettingsprosjekt for tomme garder, Anne Live Garvik, har i løpet av prosjekter kartlagt alle tomme gardsbruk med eigne gards og bruksnummer i kommunane, totalt 124 i talet.

- Det var 118 tomme bruk ved prosjekts oppstart, og i løpet av to år har ytterlegare seks vorte tomme. Men til no har også tolv gardar vorte seit, åtte leigd ut, og på tre av gardane har eigar sjølv flytt inn. Totalt har rundt 40 personar vorte busett. I tillegg har 15 eigarar planar om å leggje ut garden for sal i løpet av året eller neste år, fortel Garvik, som gler seg over kvarat elnaste bruk det blir nytt liv på.

Viktige arbeidsplassar

Ho fortel at ho opplevr at mange står overfor eit generasjonsskifte på gardane, men at ein god del ikkje har nokon arvtakarar som kan eller vil overta, og at brukarar blir ståande tomme. Det synst ho er ei skremmande utvikling.

- Vi ser at det er eit behov for Huga på gard-prosjeket - som no er inne i sitt andre av totalt tre år - og at nokon burde drive med dette litt om litt heile tida for å bidra til å uthye sal, seier Garvik.

Ho legg til at uthye er like viktig som sal, ettersom behovet er stort også i den marknaden.

- Gardane er viktige arbeidsplassar i Vang, Vestre Slidre, og ikkje minst Valdres, og arbeidsplassar er det behov for som aldri før. Ingen er temt med at gardsbruk blir ståande tomme, fastslår Garvik.

Fyldig interessentliste

Prosjektlearen opplever dessutan at det er ei stor interesse for prosjektet og gardane det formidlar, særleg blant unge som er i etableringsfase.

- Eg har ei stor interessentliste med 90 e-postadresser som blir varsle når eit nytt bruk kjem for sal. Bak ei adresse er det dessutan gjerne



HUGA PÅ GARD: Prosjektleiar Anne Live Garvik jobbar for å få lys i vindauge på tomme gardsbruk i Vang og Vestre Slidre.

fleire namn, så det er mange som føljer med på gardane som leggjast ut, fortel Garvik.

- Veldig mange av dei er unge menneske som ynskjer at garden skal drivast vidare, seier Garvik.

- Det er heller ikkje alle som

ynskjer å bruke eigedomsmeklar til salet, med alt det inneber, men heller sel privat. Ved privatsal med hjelp frå oss har seljar sjølv kontroll, og kan ha dialog med potensielle kjøparar, noko som betyr mykje for mange. Vi anbefaler alle å seljarar ikkje er ute etter å få mest mogleg for bruken, men

heller å bli kjende med kjøparar for å finne dei «rette» til å ta over. Mange sel faktisk under takst, fordi dei ynskjer at garden skal drivast vidare, seier Garvik.

- Felles for gardane vi sel er at dei ikkje er så store - gjennomsnittet er på rundt 35 mål dyrka mark - og at husa er gamle og treng oppgraderingar. Dermed er ikkje prisane så høge, og ein kan få mykje for pengane. Vi opplever også at seljarar ikkje er ute etter å få mest mogleg for bruken, men

garden, men vi har ei forståing for at ikkje alle vil det, og hjelper gladleg til med mar-knadsføring av eigedommen.

Men seljar må sjølv engasjere takstmann for å innhente takst, samt engasjere advokat til å handtere salspapira, seier Garvik.

Mentorordning

Prosjektlearen fortel også at Huga på gard er ikkje berre ei kartlegging eller eit prosjekt med mål om at tomme garder skal få nye bebuarar. Det er like viktig at dei som kjem dit

skal lykkast med ynska sine.

- Difor har vi ei mentorordning med fleire gode mentorar innan ulike område, som alle er veldig på tilbodssida med råd, fortel Garvik.

- Mellom anna er Odd Arne Rudi ved Valdresmusea til stor hjelp med det byggtekniske, og Yvonne Tonnaer, leiar i Bonde- og småbrukarlaget i Vestre Slidre, til god hjelp for dei som treng råd om all slags drift på garden, seier Anne Live Garvik.

Mange vil høyre om Hugo på gard

Prosjektleiar har brukt relativt mykje tid på å fortelja andre om prosjektet. Det har vore sju møter med styringsgruppa, i tillegg til at dei har fått jamlege infoskriv, i alt 20 stk. Ho har hatt innlegg to gonger på møter i begge kommunestyra, i tillegg til at ho har vore på eit møte i kommunestyret og på eit folkemøte andre stader i Valdres. Ho har vore i regionrådet for Valdres, på tre opptak med NRK Oppland, på eit opptak med NRK radio, og på landbrukskulane i Aurland og i Jølster. Ho har vore på eit lokalt møte med nokre stortingspolitikarar, på nokre lokale arrangement i regi av Innovasjon og næring og på møter med faglaga i både kommunane. Det har også vore ein reportasje i magasinet «Ren mat», og ein del kontakt med lokalavisa som også har eit eige magasin. Fleire politikarar og andre eldsjeler har teke kontakt for å få info om prosjektet

Mykje av det som er blitt sagt og skrevet er seinare blitt delt i fleire medie, både på papir og på nettsider. Eit døme på kor fort noko kan delast er med nettsida «Lys i gamle hus». Dei delte informasjonen vi har om Hugo på gard på vår nettside. Same helga var det sett av omlag 115 000 og delt over 500 gonger. Kort tid etter fekk vi 25 nye mailadresser på interesselista vår!

Det mest gjevande har nok vore å møte ungdommane som tar landbruksfagleg utdanning. I etterkant av besøk hjå dei, har vi fått besøk tilbake med ynskje om å kome til nokon av våre dyktige gardbrukarar. Slik får vi gitt dei noko både i ord og i røyndom!



Frå skule til gardstun

Frå Sogn avis tysdag 15. mai 2018

Mange er huga på gard

I skrivande stund har vi 130 mailadresser på det vi har kalla «interesselista» vår. Vi vet ikkje så mykje om kor mange det er i kvar familie, men av dei vi vet er det i gjennomsnitt 2,3 i kvar husstand. 10 % av desse er frå land utanom Noreg. Vi har ein god breidde i variasjon av våre tomme bruk, og ingen av våre interessentar er like. Slik blir det mange gode matchar! Vi ser spesielt tre tydelege moment i møte med våre interessantar:

1 Dei fleste av dei som er huga på gard hos oss er veldig bevisste på korleis deira draumegard skal vere. Ofte er det mange ynskjer som vi ikkje kan klare å innfri. Vi har opplevd å vise folk 15 gardar, utan at nokon av dei er slik dei vil ha. Vi har nokon unntak- men jamt over ligg gardane våre relativt tett på andre gardar. Nokon stader skrår det noko bratt oppover. Det gjer at vi ikkje har så mange gardar med store og flate gardstun, som nokon ynskjer seg! Vegane kom av di det var gardar der, og slik er det framleis. Men no er vegane meir trafikkerte. Slik blir det til at nokon synast gardane våre ligg for nære veg. Andre gardar som ikkje ligg ved ein hovudveg, har gjerne ein meir krevjande gardsveg, som kan skremme nokon.

2 Gjennomsnittet med dyrka mark på gardane våre er 35 mål. Det er ikkje så mykje om ein ynskjer å drive stort med til dømes husdyrhald.

3 Mange treng ein realitetsorientering på pris. Dei fleste gardane som vi har fokus på, har ein takst på 1,5 – 2,2 millionar. Dette er flotte plassar, og ein får veldig mykje for kjøpesummen om ein ser kor mykje ein får når ein kjøpar ein gard – men vi opplev at mange tykkjer det blir for dyrt. Anten fordi dei synast at summen er for høg, eller fordi dei ynskjer å ha eit nytt og moderne hus på garden. Nokon tenkjer at dei lyt bruker 1-2 mill før dei kan «gå inn døra». Då blir det for dyrt for mange.

